

Russereglement

Fusa vidaregåande skule - våren 2018

Avtale mellom Fusarussen 2018 og rektor ved Fusa vidaregåande skule. Russe-presidenten Marlèn Haaland Lid og rektor Håvard Ragnhildstveit signerer russe-reglementet.

Dette reglementet gjeld for all Fusaruss under russetiden. Les godt gjennom!

1. Russefeiringa kan starta fredag 27.04.18. Frå denne dato kan russedress brukast på skulen. Russefeiringa vert avslutta 17. mai.
2. Det er avgangselevar som får studiekompetanse våren 2018 som kan vere russ.
3. Opplæringslova set krav til dei lokale avtalane, mellom anna gjennom vidareføringa av § 9 A-2 «Retten til eit trygt og godt skolemiljø; Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». Det lovfesta kravet om nulltoleranse for mobbing i nye § 9 A er ei tydeleg skjerping. § 9 A-3 «Nulltoleranse og systematisk arbeid; Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
4. Det er ikkje tillate å oppbevare eller bruka/vera påverka av rusmiddel på skulen.
5. I køyring med russebilar skal ein ta omsyn til eigen og andre sin tryggleik. Unødvendig køyring i nærområdet er ikkje tillate.
6. Lydnivået frå musikkanlegg må ikkje plaga andre.
7. Russen ønskjer å stå saman om russefeiringa. Aksjonar/hemnaksjonar mellom skular skal ikkje førekoma. Aksjonar mot grunnskular skal heller ikkje finna stad.
8. Dersom russ utfører skade, vert det belasta russestyret. Russen skal rydda etter seg.
9. Provokasjonar mot elevar/tilsette skal ikkje førekoma.
10. Kasting av egg m.m. er ikkje tillate.
11. Vasskasting og bruk av vasskanon/-pistol inne er forbode.
12. Det er ikkje høve til å driva marknadsføring og sal av russeutstyr på skulen.
13. Prøvar vert ikkje lagt på dagar etter avtala russearrangement.

**Skulen sitt orden- og åtferds-reglement gjeld også under russefeiringa!
Saman vil me arbeida for at russetida vert ei positiv og minnerik tid!**

Eikelandsosen, 15. november 2017

Marlèn Haaland Lid

Marlèn Haaland Lid
russepresident

Fusa vidaregåande skule
Postboks 113
5649 Eikelandsosen

Håvard Ragnhildstveit
Håvard Ragnhildstveit
rektor